



DET KONGELIGE
UTENRIKSDEPARTEMENT

Utviklingsministeren

Norec
v. direktør Jan Olav Baarøy
Førde
(sendes skannet med epost)

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

19/799

25.03.2019

UD-Norec. Tildelingsbrev nr. 1-2019.

1. Dei overordna rammene

Dei overordna rammene for dette tildelingsbrevet og for verksemda til Norec i 2019 er gjevne i budsjettframlegget til regjeringa for 2018 i Prop. 1 S (2018-2019), utanriks- og forsvarskomiteen si innstilling i Innst. 7 S (2018-2019), Stortinget sitt budsjettvedtak 13. desember 2018 og den nye regjeringsplattforma frå Granavolden 17. januar 2019.

Det overordna målet for norsk utviklingspolitikk er å redusere fattigdommen. 2030-agendaen med berekraftsmåla, som har utrydding av alle former for fattigdom som det første og grunnleggjande målet, står for ei ny tilnærming til utvikling. Det er ikkje lenger snakk om gjevarar og mottakarar, men om samarbeid og reelle partnerskap. Det er i Noreg si interesse at verda oppfyller berekraftsmåla. Berekraftsmåla kan ikkje nåast utan ein stor nasjonal innsats og ressursmobilisering frå utviklingslanda si side. Skal verda lukkast med å nå måla, må alle land ta eigarskap til sine utfordringar og prioritere ressursane sine deretter, og syte for gjensidig kapasitetsbygging. Eit viktig bidrag til å møte denne store utfordringa er verkelege partnerskap og fagleg samarbeid, medrekna utveksling av personar. Med statsministeren i spissen for FN si pådrivargruppe for berekraftsmåla har Noreg ei global leiarrolle. (jf. Prop. 1 S s. 15-16.)

Dette overordna målet og den grunnleggjande tilnærminga som byggjer på berekraftsmåla, saman med den globale leiarrolla Noreg har, skal leggjast til grunn for Norec sitt arbeid. Fagleg samarbeid på høgt prioriterte område, mellom anna med Kunnskapsbanken, skal ha ein sentral plass i verksemda.

Postadresse:
Postboks 8114 Dep
0032 Oslo
post@mfa.no

Kontoradresse:
7. juni plass 1
0251 Oslo
www.regjeringen.no/ud

Telefon:
23 95 00 00
Org. nr.:
972417920

Seksjon for
utviklingspolitikk

Lars Vaagen
seniorrådgiver

2. Ny instruks og ny strategi 2019-22

Den 1. januar 2019 vart den nye «Instruks for Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)» sett i verk. Instruksen vart vedteken ved kongeleg resolusjon i statsråd 10. august 2018, og erstattar «Instruks for Det norske fredskorpset (Fredskorpset)» frå 5. februar 2010. Den nye instruksjonen inneber at Fredskorpset frå 1. januar 2019 har skifta namn til Norec, at kontoret til Norec ligg i Førde, og at Norec har fått ny formålsparagraf. Den nye formålsparagrafen har følgjande ordlyd:

§ 2 Formål

- *NOREC skal gjennomføre utvekslingsprogram mellom Noreg og samarbeidsland og mellom ulike samarbeidsland. Programmet skal byggje på gjensidige partnerskap.*
- *NOREC skal vere eit kompetansesenter for utvekslingsverksemd, og aktivt støtte opp om prosjektpartnerar og utvekslingsdeltakarar med kurs, rettleiing og oppfølging. NOREC skal dermed leggje til rette for erfaringsutveksling og læring, og bidra til nettverksbygging og utvikling av unge leiarar.*
- *NOREC skal gjennom utvekslingsverksemda si medverke til den samla norske innsatsen for fagleg samarbeid. På grunnlag av utviklings- og resultatmål som blir utarbeidde av prosjektpartnerane i fellesskap, skal NOREC skape resultat gjennom tilbakeføring av kunnskap til eige samfunn, styrking av institusjonar, forvaltningsorgan, næringsliv og sivilsamfunn, og engasjement for utvikling.*
- *NOREC skal strukturere utvekslingsprogrammet sine slik at utvekslingsdeltakarane medverkar til fagleg utvikling, både under utvekslinga og etter at dei kjem heim igjen til sitt eige samfunn.*
- *NOREC skal gjennom utvekslingsverksemda si og det faglege samarbeidet sitt bidra til å gjennomføre 2030-agendaen og berekraftsmåla, medrekna globale partnerskap, og leggje særleg vekt på å fremje menneskerettane, kvinners rettar og likestilling, klima- og miljøomsyn og kampen mot korrupsjon.*

Det er særleg to element i instruksjonen som vil markere endring og vere førande for verksemda til Norec i 2019 og vidare framover. For det første skal Norec vere eit kompetansesenter for utvekslingsverksemd. For det andre skal Norec medverke til den samla norske innsatsen for fagleg samarbeid.

I 2019, og særleg i vårhalvåret, vil det vere ei hovudoppgåve for Norec å omsetje formålet til strategi og konkrete tiltak. Det har vore nær kontakt mellom UD og Norec, mellom anna i etatsstyringsmøtet hausten 2018 om prosessen fram mot ein ny fleirårig strategi for Norec, basert på den nye instruksjonen. Departementet sluttar seg til Norec sitt opplegg om å knyte strategien opp mot det langsiktige arbeidet for å gjennomføre 2030-agendaen med berekraftsmåla, og at det såleis er planen å ha tre fireårige strategiar fram til og med 2030. Departementet ser fram til å ha nær kontakt og nært samarbeid om Norecs strategi 2019-22, mellom anna ved å ta stilling til eit utkast i etatsstyringsmøtet våren 2019.

I Granavolden-plattformen heiter det at «regjeringa vil prioritere kapasitetsbygging og fagleg bistand, mellom anna gjennom å vidareutvikle Kunnskapsbanken». Kunnskapsbanken er det sentrale tiltaket i «Noregs samla innsats for fagleg samarbeid» (jf. formålsparagrafen ovanfor). Under utarbeidinga av instruksjonen for Norec har det heile tida vore ei grunnleggjande forståing om at fagleg samarbeid generelt, og Kunnskapsbanken spesielt, er ei svært viktig satsing for regjeringa, og for utviklingsministeren og regjeringa har det vore ein klar intensjon å etablere eit nært samarbeid mellom Kunnskapsbanken og Norec.

I ein slik samanheng må Norec vurdere korleis det òg skal etablerast utvekslingssamarbeid mellom offentlege institusjonar av ulik type, og mellom bedrifter i næringslivet, i tillegg til sivilsamfunnsorganisasjonar, og korleis det kan utviklast partnerskap mellom institusjonar, næringsliv og sivilsamfunnsorganisasjonar. Gjennom slike partnerskap vil Norec styrkje kunnskapen og kompetansen sin og rolla si som kompetansesenter for utvekslingssamarbeid.

I Granavolden-plattformen blir det lagt vekt på å «bidra til å kjempe mot vald og undertrykking, og rette særleg merksemd mot utsette grupper som kvinner, barn, religiøse minoritetar, personar med nedsett funksjonsevne og seksuelle minoritetar». Ambisjonen er å nå betre ut til dei mest sårbare i samfunnet innanfor alle delar av utviklingssamarbeidet, i tråd med 2030-agendaen, berekraftsmåla og prinsippet om at ingen skal utelatast. Innsatsen for personar med nedsett funksjonsevne skal styrkjast, og Norec har eit godt grunnlag til å medverke til dette arbeidet gjennom den eksisterande prosjektporteføljen sin. Eit menneskerettsperspektiv skal leggjast til grunn i dette arbeidet.

3. Hovudprioriteringar i utviklingspolitikken: Konsentrasjon gjev betre resultat

Regjeringa har følgd opp 2030-agendaen gjennom Meld. St. 24 (2016-2017) «Felles ansvar for felles framtid: Berekraftsmåla og norsk utviklingspolitikk». Meldinga gjev retninga for den norske utviklingspolitikken i lys av berekraftsmåla med fem tematiske prioriteringar, jf. Prop. 1 S (2018-2019) s.16-21:

- Utdanning
- Helse
- Klima, miljø og hav
- Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi
- Humanitær innsats

Granavolden-plattformen understrekar kor viktig det er å sikre at desse viktigaste utviklingspolitiske satsingane er føreseielege og langsiktige, og at regjeringa òg vil vidareføre dei fire tverrgåande omsyna i norsk utviklingspolitikk: anti-korrupsjon, miljø, likestilling og menneskerettar.

Parallelt med denne tematiske konsentrasjonen skal òg innsatsen for geografisk konsentrasjon førast vidare. På grunnlag av Meld. St. 17 (2017-2018) «Partnerland i utviklingspolitikken» blei det i juni 2018 konkludert med at 16 utviklingsland skal ha status som partnerland. Ti av desse landa skal vere partnerar «for langsiktig utvikling» og dei andre seks landa skal vere partnerar «for stabilisering og konfliktførebygging». I Granavolden-plattformen heiter det at «regjeringa vil vidareføre og tydeleggjere ordninga med partnerland i utviklingssamarbeidet, mellom anna ved å utarbeide landstrategiar for kvart einskilt partnerland». Det heiter vidare at «regjeringa vil styrkje fattigdomsorienteringa i utviklingssamarbeidet», og at «den delen av norsk bistand som går til dei minst utvikla landa (MUL), særleg i Afrika sør for Sahara, skal trappast opp fram mot 2021».

Som eit tredje element i innsatsen for å oppnå betre resultat gjennom konsentrasjon, skal arbeidet halde fram for å redusere talet på aktive avtaler i utviklingssamarbeidet samla sett, til 2800 avtaler før 1. mai 2019. Norec skal reknast som berre ein avtale i denne samanhengen.

Norec skal ta del i arbeidet for konsentrasjon med sikte på å medverke til at det norske utviklingssamarbeidet skal gje eit best mogleg samla resultat. Samstundes er det viktig å vere medviten om at Norec, med sin storleik og sine særtrekk, ikkje bør følgje dei overordna føringane på ein rigid måte, men ha ei tilnærming der fokuset må vere på korleis Norec kan

nytte sin særlege kompetanse og sine ressursar på beste måte. Med dette utgangspunktet skal Norec gjere følgjande:

- Arbeide for tematisk konsentrasjon ved å konsentrera utvekslingsverksemda og det faglege samarbeidet om regjeringa sine fem hovudprioriteringar og fire tverrgåande tema. Det kan vere aktuelt å vidareføra den lange erfaringa Norec har innanfor helse. Det kan vere aktuelt å satse på hav (særleg maritime næringar og marin forsøpling), mellom anna gjennom nær kontakt med næringslivet på Vestlandet og langs kysten. Mykje av den norske satsinga på fagleg samarbeid og Kunnskapsbanken vil vere knytt til arbeidet for betre styresett og gjennomføring av menneskerettar og likestilling, som òg kan vere aktuelle tema for Norec.
- Konsentrere verksemda i størst mogleg grad om dei 16 partnerlanda, med særleg vekt på å utvikle godt styresett, næringsliv og betre levevilkår på ein måte som kjem sårbare grupper til gode. Aktivitetane i dei andre 15 samarbeidslanda til Norec kan nedskaleras tilsvarende, og eventuelt avviklast dersom det ikkje er særleg viktige grunnar til å vidareføre verksemda. Arbeidet med ein ny fleirårig strategi skal omfatte vurderingar omkring dette spørsmålet.
- Medverke til at den delen av dei samla tilskotsmidlane til dei minst utvikla landa (MUL), og til land i Afrika sør for Sahara, vert halden på minst same nivået som året før.
- Vidareutvikle sør-sør-samarbeid, triangulært samarbeid og reelle partnerskap som eit viktig aspekt ved Norec si verksemd.
- Vurdere om det kan vere ønskjeleg å redusere talet på avtaler dersom dette kan føre til meir effektiv forvaltning og eit klarare fokus på mål- og resultatstyring av verksemda.

4. Føringer og resultatmål for den faglege verksemda i 2019

På bakgrunn av prioriteringane ovanfor skal Norec i 2019 vere eit verkemiddel for Noregs utviklingspolitikk ved å leggje til rette for utvekslingsprogram for fagleg samarbeid og kompetansebygging innanfor ulike samfunnssektorar. Den faglege verksemda til Norec i 2019 skal målast på grunnlag av følgjande indikatorar:

Norec skal

1. styrkje det faglege samarbeidet med partnerland,
2. utvikle relevant kompetanse, læring og engasjement hos utvekslingsdeltakarar og prosjektpartnerar,
3. syte for at kunnskap vert tilbakeført til eige samfunn,
4. vere eit leiande fagmiljø i internasjonal utveksling for utvikling,
5. etablere ein sterk og fokusert profil som kompetansesenter for utvekslingssamarbeid,
6. etablere og utvikle samarbeid med Kunnskapsbanken,
7. etablere og utvikle nye partnerskap med institusjonar, næringsliv og sivilt samfunn på Vestlandet,
8. syte for at utvekslingsprogramma vert gjennomførte med høg fagleg standard,
9. ha kontakt og dialog med norske ambassadar og Norad for å sikre god samhandling for best mogleg bruk av samla ressursar, og informere ambassadane om Norec sine aktivitetar i dei aktuelle landa,
10. vareta internasjonale oppgåver og verv der dette er naturleg, i samråd med departementet, til dømes innanfor sør-sør-samarbeid (jf. FN-konferanse mars 2019).

5. Effektiv og god forvaltning og administrasjon

Det administrative arbeidet til Norec i 2019 skal målast på grunnlag av mellom anna følgjande indikatorar:

1. Slutføre alle sider ved flyttinga av kontoret frå Oslo til Førde, og konsolidere det nye kontoret i Førde.
2. Vidareutvikle metodar og verktøy for å skape og dokumentere synlege resultat på kort og lang sikt.
3. Utvikle eit godt arbeidsmiljø i organisasjonen i samsvar med Norecs kjerneverdier.
4. Forvalte tildelte ressursar i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, reglement for og føresegner om økonomistyring i staten, dei etiske retningslinjene til staten, og interne retningslinjer, instruksar og rutinar.
5. Praktisere nulltoleranse for økonomisk misleghald i samsvar med nye retningslinjer frå desember 2018.
6. Gje prioritet til tryggleik og beredskap, mellom anna informasjonstryggleik, og halde departementet orientert om særlege utfordringar og hendingar på dette området.
7. Medverke til at gjennomføringa av tilrådingar frå den administrative gjennomgangen som KPMG har utført, blir følgd opp gjennom statusrapportering i etatsstyringsdialogen.

6. Flyttinga frå Oslo til Førde

Departementet konstaterer at det nye kontoret til Norec i Førde blei opna av utviklingsminister Nikolai Astrup 16. august 2018 med tilnærma fullt personale på plass. Statsråden nytta høvet til å gjere kjend den nye instruksen, saman med namneendringa frå Fredskorpset til Norec. Departementet vil seie seg svært nøgd med den velordna, raske og effektive måten regjeringa sitt flyttevedtak frå juni 2017 blei gjennomført på. Det står framleis nokre saker att når det gjeld flyttinga, og det vil enno ta litt tid å få avslutta desse. Dette er reflektert i budsjett-tildelinga av driftsmidlar for 2019.

7. Fellesføringar frå regjeringa

Inkluderingsdugnad, og utarbeiding av rutinar og arbeidsformer i personalarbeidet med sikte på å nå måla for dugnaden

Norec skal arbeide systematisk for å realisere inkluderingsdugnaden til regjeringa, og skal utvikle rutinar og arbeidsformer i personalarbeidet med sikte på å nå måla for dugnaden. I årsrapporten sin skal Norec omtale korleis rekrutteringsarbeidet deira er blitt innretta for å nå 5 %-målet og dei andre måla for inkluderingsdugnaden.

Dersom Norec har hatt nyttilsetjingar i rapporteringsperioden, skal årsrapporten innehalde opplysningar om talet på nyttilsette som har nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Dersom Norec har færre enn fem nyttilsetjingar i perioden, skal prosentdelen ikkje takast med i årsrapporten, for såleis å sikre personvernet til dei nyttilsette. For desse verksemdene kan det vere aktuelt å ha ein lengre måleperiode enn eitt år før målalet vert rapportert. I kapittel 4 i årsrapporten skal alle verksemdar vurdere arbeidet opp mot måla for dugnaden: kva som har vore vellukka tiltak, kva som har vore utfordringar, og kvifor verksemda eventuelt ikkje har lukkast med å nå måla for dugnaden, jf. rundskriv H-3/18.

Motverke kriminalitet i arbeidslivet

Som innkjøparar av varer og tenester har offentlege oppdragsgjevarar eit særskilt ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet. Det er venta at offentlege verksemdar går føre i arbeidet med å fremje eit seriøst arbeidsliv. Ved tildeling av oppdrag og i oppfølginga av inngåtte kontraktar skal Norec sikre at leverandørane følgjer lover og reglar. I årsrapporten skal Norec

omtale resultatene frå oppfølginga av inngåtte kontraktar og korleis innkjøpa til verksemda er innretta for å gjennomføre dette omsynet, jf. rundskriv H-8/17.

8. Etatsstyringsdialog og rapportering

Det blir lagt vekt på ein nær og konstruktiv etatsstyringsdialog på grunnlag av instruksjonen for Norec og regelverket for og føresegnene om økonomistyring i staten. Hovudelementa i etatsstyringsdialogen går fram av «Årshjul UD-Norec 2019: Rapporterings- og møtekalender», som er lagt ved.

I samsvar med instruksjonen for Norec er det i årshjulet lagt opp til at det skal haldast to etatsstyringsmøte i 2019: eitt i Førde i mai og eitt i Oslo i november.

Norec skal utarbeide ein årsrapport for verksemda i 2018, i samsvar med føringane i reglementet for økonomistyring i staten. Årsrapporten skal gje ei strukturert oversikt over viktige sider ved verksemda i 2018, og på ein kortfatta måte vurdere dei resultatane som er nådde mellom anna med utgangspunkt i dei styringssignala som vart gjevne i tildelingsbrevet for 2018. Årsrapporten vart levert innan 15. mars 2018 og skal drøftast i etatsstyringsmøtet til våren. Verksemdsplan for 2019 vart levert innan 15. mars, og framdriftsrapportar for verksemda i året 2019 skal leverast innan 10. mai og 1. november, for drøfting i dei påfølgjande etatsstyringsmøta.

9. Budsjett-tildelingar for 2019

Norec vert tildelt følgjande budsjett for 2019:

Drift: (sum i kroner)


Kap. 144 Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)	
Post 01 Driftsutgifter	53 449 000

Tilskot: (sum i kroner)

Kap. 144 Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)	
Post 70 Utvekslingsordningar	142 000 000

Totalt: (sum i kroner)	195 449 000
-------------------------------	--------------------

Med venleg helsing



Dag Inge Ulstein

Vedlegg: Årshjul UD-Norec 2019: Rapporterings- og møtekalender

Kopi til: Riksrevisjonen
Seksjon for økonomi og verksemdsstyring i Utanriksdepartementet

Vedlegg til tildelingsbrev nr. 1-2019 til Norec frå Utanriksdepartementet:

Årshjul UD-Norec 2019: **Rapporterings- og møtekalender**

<i>Dato</i>	<i>Rapport/møte</i>	<i>Innhald/merknader</i>
1.2.	Rapportering til statsrekneskapen for 2018	Årsavslutning. Forklaringar til avvik.
1.2.	OECD/DAC-rapport	Rapportering til Norads statistikkseksjon.
1.3.	Verksemdsplan for 2019	For drøfting i etatsstyringsmøte.
10.3.	Årsrapport for 2018	For drøfting i etatsstyringsmøte.
6.5.	Forbruks- og framdriftsrapport nr. 1-2019	Status og forklaringar til avvik. For drøfting i etatsstyringsmøte.
10.5.	Etatsstyringsmøte nr. 1-2019 (i Førde)	På dagsordenen: Gjennomgang av årsrapport for 2018 og andre rapportar m.m. så langt i 2019. Arbeidet med strategi for 2019-22: Status og drøfting av utkast.
1.11.	Forbruks- og framdriftsrapport nr. 2-2019	Status og forklaring av avvik. For drøfting i etatsstyringsmøte.
4.11.	Etatsstyringsmøte nr. 2-2019 (i Oslo)	På dagsordenen: Prop. 1 S (2019-2020): Hovudprioriteringar og aktuelle føringar for Norec. Forbruks- og framdriftsrapport nr. 2-2019. Status for Strategi 2019-22.